



Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre

Møtestad: Voss

Dato: 10.02.2023

Tidspunkt: 12:00 - 14:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigbjørn Hauge	Leiar	Voss herad
Liv-Anne Aanesen	Nestleiar	Modalen kommune
Marta Sofie Vange	Medlem	Vik kommune
Petter Sortland	Medlem	Høyanger kommune
Kristina Vaktskjold Hamre	Medlem	Vestland fylkeskommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Deltakara på Teams:

Petter Sortland

Kristina Vaktskjold Hamre

Anbjørg Nornes

Andre deltakara:

SNO v/Kristoffer Ullern Hansen

Vestland fylkeskommune Inga Lindstrøm

Møteplan 2023:

27. mars og 9. juni

Andre frammøtte:

Namn

Ivar Optun Andersen

Anbjørg Nornes

sekretær / verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Sigbjørn Hauge

Liv-Anne Aanesen

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 3/23	Orientering og referatsaker		
RS 1/23	Orientering frå Stølsheimen verneområdestyre - senking av vasstanden i Vassøyane - Stølsheimen landskapsvernområde		2022/9567
RS 2/23	Informasjon frå Stølsheimen verneområdestyre - oppdateret konsesjon til kraftledning Refsdal-Modalen		2022/15399
RS 3/23	Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - motorferdsel kjentmannstur - evakueringsrute frå RV 13 på Vikafjellet over Finnbunuten		2023/1223
RS 4/23	Dispensasjon - delegert vedtak - Stølsheimen landskapsvernområde - RV 13 til Rappen - motorferdsel - snøskuter		2023/1545
ST 4/23	Høyringsinnspel - Stølsheimen landskapsvernområde - marin verneplan Sognefjorden		2022/16971
ST 5/23	Retningsliner for solcellepanel - Stølsheimen landskapsvernområde		2023/1571
ST 6/23	Stølsheimen landskapsvernområde - Hallsetstølen 61/1 - solcellepanel stølshus		2022/14394
ST 7/23	Stølsheimen verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidler 2023		2022/15789

ST 1/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 10.02.2023

Handsaming i møte

Innkalling og dagsorden vart lagt fram til godkjenning.

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 2/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 10.02.2023

Handsaming i møte

Framlegg på Liv-Anne Aanesen til å skrive under protokollen saman med styreleiar

Vedtak

Liv-Anne Aanesen vart valt til å skriva under møteprotokollen saman med styreleiar.

ST 3/23 Orienteringar og referatsaker

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 10.02.2023

Handsaming i møte

Referatsakene og delegerte saker vart lagt fram til orientering.

Vedtak

Referatsakene og delegerte saker vart tatt til orientering.

ST 4/23 Høyringsinnspel - Stølsheimen landskapsvernområde - marin verneplan Sognefjorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 10.02.2023

Handsaming i møte

Verneområdestyret har ikkje kommentar til konsekvensutgreiing for området utanfor verneområdet. Derfor er denne kommentaren fjerna frå innspelet til marin verneplan. Resterande kommentar i saksframlegget vert sendt som innspel.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre er positive til eit marint vern av Sognefjorden. Verneområdestyret er av den oppfatning at det i stor grad vil kunne bidra positivt med eit marint vern til allereie verna område langsmed Sognefjorden, Finnafjorden og Arnafjorden.

I Stølsheimen landskapsvernområde er det opning for havbeite og havbruk. Verneområdestyre ønskjer ei avklaring på kva påverknad havbeite og havbruk kan ha på marint vern. Er havbeite og havbruk foreinleg med eit marint vern eller kan dei marine verneverdiane verta negativt påverka?

Der marint vern fell saman med landskapsvernområde, bør det avklarast kven som har forvaltningsansvaret.

ST 5/23 Retningsliner for solcellepanel - Stølsheimen landskapsvernområde

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 10.02.2023

Handsaming i møte

Verneområdestyret ønskte at forvaltar kortar ned bakgrunnsinformasjonen for retningslinjene og lager to dokument. Eit dokument med bakgrunn for retningslinjene og eit dokument med retningslinjene. Det vert då enklare å finna fram i retningslinjene meiner verneområdestyret.

Vedtak

Retningslinjer for søknad knytt til solcellepanel i Stølsheimen landskapsvernområde:

Solcellepanel er vurdert som eit teknisk inngrep / ein fast innretning etter verneforskrifta punkt IV og er eit søknadspliktig tiltak.

Solcellepanel må vurderast etter dispensasjonsreglane i naturmangfaldlova § 48. Tiltaket skal passa inn i kulturlandskapet, i dei tilfella vilkåra for dispensasjon er oppfylt kan det derfor verta gitt føringar på solcellepanelet sin utsjånad, storleik og plassering. Det kan òg vera aktuelt å gje løyve for ein tidsavgrensa periode.

Moment i vurdering av tiltaket er:

- formål med tiltaket, og behovet for tiltaket
- storleik og form på solcellepanel
- farge på solcellepanelet
- plassering av solcellepanelet
- stølsmiljøet og landskapets heilheit

Dokumentasjon som skal vera med søknaden:

- bilete og ytre mål på solcellepanelet
- foto av bygningen der solcellepanelet er teikna inn
- kva behov skal solcellepanelet dekkja?

ST 6/23 Stølsheimen landskapsvernområde - Hallsetstølen 61/1 - solcellepanel stølshus

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 10.02.2023

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev eigaren av stølshuset på Hallsetstølen i Vik kommune v/ Jarle Hønsi dispensasjon til fasadeendring ved oppføring av solcellepanel på stølshuset på Hallsetstølen. Dispensasjonen er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.

Det vert sett som vilkår at:

- solcellepanelet kan monterast på taket eller som omsøkt, på den sørvendte veggen, mot Nabbanosi. Panelet kan monterast flatt på vegg eller vinklast mot sola for å utnytte panelet best mogleg.
- solcellepanelet skal vera monokrystallinsk i matt svart farge og ikkje større enn 110 cm bredt og 60 cm høgt.
- det skal ikkje monterast utelys på bygningen som følgje av tiltaket.
- løyvet gjeld for 5 år frå vedtakstdato.
- søkjar skal etter oppføringa av solcellepanelet sende billedokumentasjon av gjennomført tiltak til Stølsheimen verneområdestyre.

ST 7/23 Stølsheimen verneområdestyre - prioritering av tiltak og bruk av tiltaksmidlar 2023

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 10.02.2023

Handsaming i møte

Verneområdestyret vedtek tiltaksplan med følgende endringar:

Istandsetting av sti mellom Finnabotnen og Vetlehovden.
Skjøtsel i Finnabotnen med unntak av innmark.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre prioriterer tiltak og tiltaksmidlar for 2023 etter fylgjande tiltaksplan:

Tiltaksplan for Stølsheimen 2023		
Kort omtale av tiltak	Budsjett	Revidert budsjett
Skjøtsel av kulturlandskap		
Prosjektleiing	25 000	25 000

Sylvarnesdalen - slått selbøen	10 000	10 000
Smørklepp og Fidnaseibøen - slått med ryddesag	6 000	6 000
Negardstølen, tistelfjering, nyrenningar	5 000	5 000
Rosete - tistelfjering	5 000	5 000
Skjøtsel i Finnabotnen jf. Skjøtselsplan, Botnastølen, Flåten, Styva 2 almar (10 000 pr. tre)	35 000	35 000
Hest - rydde sprake	15 000	15 000
Ytstestølen - ettersyn	2 000	2 000
Solrenningane - tueslått	30 000	30 000
Bjørkestølen, rydde skog i randsona	15 000	15 000
Åsedalen og Hallsetstølen, ettersyn	5 000	5 000
Vatnane - fjerna tre og kratt	20 000	20 000
Brydalen - rydde tre og kratt	20 000	20 000
Mørkves – Grøndalen, tueslått	15 000	15 000
Skjøtsel av stølsvegar og stiar		
Planlegging, restaurering av buføresti frå Ålrek til Skardsvatnet	30 000	30 000
Sti til Åsehidleren, rydda	10 000	10 000
Sti Finnabotnen - Fagerdalen, eit punkt + etterrydding	10 000	10 000
Istandsetting av sti mellom Finnabotnen og Vetlehovden.	10 000	10 000
Vedlikehald stien i Sendedalen	30 000	30 000
Tilretteleggingstiltak		
Bru til Granden, ferdigstilling	5 000	5 000
Opprydding strandsona, søppelplass	50 000	50 000
Informasjonstiltak		
Planlegging av infrastruktur innfallsport Modalen og Voss	100 000	100 000
Parkeringsplass på Brekke	30 000	30 000
Design temaskilt	30 000	30 000
Innkjøp skilt	93 000	60 000
Montering av skilt	200 000	127 000
SUM	806 000	700 000

Forvaltar kan i samråd med styreleiar fordela tiltaksmidlane mellom prioriterte tiltak innan for budsjettamma.